



Arkivnr: 2015/11571-2

Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.06.2016

Kostnadsfordeling - utviklingskostnader for alle fagsystem knytta til Vigo IKS**Samandrag****Forslag til vedtak**

- t. Noverande selskapsavtale vert videreført utan endringar.
2. Kostnadsfordelinga mellom fylkeskommunane vert endra med ei gradvis innfasing av ny modell - fordeling som vist i tabellen under.

Kostnadsgruppe/år	2017	2018	2019 og vidare
Delt likt	90%	80%	70%
Delt etter elevtal i vgs	10%	20%	30%

Kostnadsfordelinga gjeld for utviklingskostnader.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
settefylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

Kostnadsfordeling vedrørende utviklingskostnader for alle fagsystem tilknyttet Vigo IKS
Opprettning av Vigo som interkommunalt selskap (IKS)

Fylkesrådmannen, 06.06.2016

I denne saka vert det gjort framlegg om å vidareføre noverande selskapsavtale for Vigo IKS. Vidare vert det gjort framlegg om innfasing av ein ny modell for fordeling av systemutviklingskostnadene i Vigo IKS.

Selskapsavtalen:

Fylkestinget fatta i oktober 2010 slikt vedtak i samband med opprettinga av selskapsavtale for Vigo IKS:

1. «*Hordaland fylkeskommune går inn som eigar i eit felles interkommunalt selskap for fylkeskommunane. Formålet er å utvikle/vidareutvikle, eige og/eller drifta alt etter bestilling og i nært samarbeid med deltakarane; fylkeskommunane sitt felles inntaks- og forvaltningsssystem for elevar/lærlingar, Vigo, og alt som elles står i naturleg samanheng med dette – til dømes skoleadministrative system. Selskapet kan la utvikling og drift av ulike system verte sett ut til andre. Selskapet skal vidare levere, eller formidle levert, nødvendige faglege kurs eller rettleiing til deltakarane på dei sistema ein har rettar/driftsoppgåver knytte til.*
2. *Hordaland fylkeskommune godkjenner den tilrådde selskapsavtalen for det nye selskapet.*
3. *Som medlem av representantskapet frå Hordaland fylkeskommune er vald Dan Femoen.*
4. *Hordaland fylkeskommune vil delta i det vidare arbeidet med å setje i verk eit forprosjekt der det vert utarbeidd ein plan for innkjøp, implementering og kostnadsfordeling av eit felles skoleadministrativt system.»*

Fylkesrådmannen rår til at noverande selskapsavtale vert vidareført utan endringar.

Ny fordelingsmodell for utviklingskostnader:

Representantskapet for Vigo IKS utarbeidde hausten 2015 eit framlegg til ny fordelingsmodell for Systemutviklingskostnadene. I framlegget til ny modell vert ein større del av kostnadene delt etter elevtal. Fordelinga består av to delar. Del 1 som vert delt likt på alle fylkeskommunane, og del 2 som vil vert delt etter talet på elevar i vidaregåande skule. Tabellen under syner framlegg til innfasingsplan for den nye modellen for kostnadsfordeling.

Kostnadsgruppe/år	2017	2018	2019 og vidare
Delt likt	90%	80%	70%
Delt etter elevtal i vgs	10%	20%	30%

Den nye modellen for kostnadsfordeling vert fasa inn over tre år. Ved ei slik gradvis innføring av ny kostnadsfordeling vil det meste av allereie vedtekne utviklingskostnader til Visma FLYT Skole gå som planlagt.

Det vert presisert at kostnadsfordelinga det er gjort framlegg om å endre, berre gjeld for utviklingskostnadene for fagsistema knytt til Vigo IKS (t.d nytt skoleadministrativt system). Administrasjonskostnadene til Vigo IKS og driftsutgifter for fagsistema skal framleis delast likt.

I oppstarten av Vigo IKS var utviklingsprosjekta beskjedne, og likedeling av kostnader var rimeleg. I dagens Vigo IKS er utviklingskostnadene større. Det same vil truleg også gjelde i framtida når systema må ut på nye anbod og eventuelt må verte bygd om til system med ny teknologi. Representantskapet for Vigo IKS har uttalt at rettferdsomsyn kan tilseie at fylkeskommunar med lågt elevtal og dermed mindre rammeoverføring frå staten bør betale mindre enn store fylkeskommunar med større rammeoverføringer.

Dersom det ikkje vert semje om forslag til kostnadsfordeling, vil dagens fordeling verte vidareført.

Med utgangspunkt i rettferdsomsyn og økonomisk berekraft meiner fylkesrådmannen at framlegget til ny kostnadsfordeling for utviklingskostnader bør innførast, sjølv om det kan føre til at Hordaland fylkeskommune i framtida må betale ein større del av utviklingskostnadene.